

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Arbeidsmiljø- og sikkerhetsavdelingen
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
MOTTATT
5 JUL 2007
07/02191

Rett til redusert arbeidstid for arbeidstakarar over 62 år

Høyringsfråsegn frå Statens seniorråd


Det blir vist til Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt høyringsbrev av 02.05.07 og vedlagt høyringsnotat.

Statens seniorråd helsar velkomen ei endring i arbeidsmiljølova § 10-2 fjerde ledd som vil styrkja retten til redusert arbeidstid for arbeidstakarar over 62 år.

Statens seniorråd har tidligare gjeve fråsegn til regjeringa og departementet med framlegg om m.a. å gi rett til redusert arbeidstid for eldre arbeidstakarar utan grunngjeving i helsemessige, sosiale eller andre velferdsgrunnar. Rådet har gjort framlegg om slik rett frå fylte 60 år.

Statens seniorråd har lenge vore engasjert i spørsmålet om eldre arbeidstakarar sitt høve til å stå lengst mogeleg i arbeid, og tiltak som kan fremja ei slik utvikling. Det aktuelle lovendringsframlegget er i denne samanheng, etter rådet si meining, eit viktig tiltak.

Med vennleg helsing


Ivar Leveraas
rådsleiar


Lena Hagberg
sekretariatsleiar